

## **Vedtak i sak om forlenging av bybane til Spelhaugen**

Politiske vedtak i Vestland Fylkesting føreset at sentral, oppdatert og relevant informasjon ligg føre når vedtak blir fatta.

I BT 7.juni kom det fram at ein har stor inntektssvikt i bompengeinntektene i Bergen. Dette oppslaget kom berre få dagar etter møtene i SAMO og FU, der det vart gjort prinsippvedtak om ekstrainvesteringar for å forlenge bybanen til Spelhaugen.

Vestland Fylke har store garantiansvar knytt til utbygging av bybanen, der låneopptaket no er 5,3 milliardar kroner. Ein ligg allereie no nær grensa for maksimalt låneopptak.

Permanente endringar i folk sine reisevanar, samt sterkt auke i elbilandelen i bomringen, kan medføre varig nedgang i bompengeinntektene. Dette vil medføre økonomiske utfordringer med allereie igangsett bybaneutbygging.

### **Spørsmål:**

Vurderer fylkesordføraren at føresetnaden om sentral, oppdatert og relevant informasjon var oppfylt i SAMO 25.5 og FU 2.6, i sak om forlenging av bybanen til Spelhaugen?

### **Framlegg til Vedtak**

Det vert lagt fram ei sak til fylkestinget i 3.kvartal med oppdatert oversyn og prognosar for inntektsutvikling i bomringen i Bergen, mellom anna basert på endring i reisemønster og auke i elbilandel.

Hilsen

Knut Inge Andersen, FNB

Trym H. Aafløy, uavhengig representant